

Språk og agon

Det kommunikative motstandsmomentet i kollektiv sjølvkonstituering

J. Peter Burgess

Agon: konflikt, pragmatikk og lingvistikk

Kva er *konflikt*? Konflikt er først og fremst eit omgrepsmessig tilhøve der eitt eller fleire omgrep samlar to eller fleire partar, karakterisert gjennom sine sprikande interesser. Konflikt artar seg som eit paradoks. Han skil og han samlar. På den eine sida består konflikt av skilnad, av strid eller konkurranse, av *ulike* interesser, meining, eller posisjonar. På den andre sida er det klårt at dersom det er to partar, så er dei i røynda *samla* som partar. Konflikten samlar partane *negativt* – dei står saman i konflikt.¹ Dette paradokset slår ut på fleire plan. Alt frå væpna konflikt til intersubjektive spenningsfelt gjer at den andre vert dratt inn i eit *felleskap* med sin *motpart*.

Konflikt er dermed eit paradoksalt tilhøve, eit strengt talt *umogeleg* tilhøve, ei levande sjølvmotseiing. Denne motseiinga er konflikten si *form*. Paradokset er forma. Innhaldet varierer: Det kan vere konflikt om mangt og mellom mange ulike partar. Paradokset for-einar fråstøyting og samling på same tid. Forma avheng altså av innhaldet i konflikten og av *kven* som er i konflikt. Slik er konflikt til dels upersonleg, uavhengig av kven som er involvert.

1. Konflikten sin struktur svarar dermed til den klassiske dialektikk. Førebiletet for han er den Hegelske filosofiske fenomenologi. Cf. Georg W.F. Hegel, *Phänomenologie des Geistes*, 20 vols., vol. 3 (Frankfurt am Main: Suhrkamp, 1972).

Konflikten mellom den eine og den andre kan korkje reduserast til den eine eller den andre. Ingen av partane eig konflikten. Han er ein mellomting mellom interessa og perspektiva til den eine og til den andre. Ingen kan forstå han fullt ut. Ingen kan gripe til fulle perspektiva til den andre. Kva konflikten har å seia for motparten er alltid til dels usynleg, ugjennomtrengeleg og til dels uforståeleg. Solidaritet med motparten er alltid til dels sperra. Det er faktisk fråverande solidaritet som er føresetnaden for konflikten. Er den eine solidarisk, innforstått med den andre sine synspunkt, så er det ingen konflikt. På den måten inneber konflikten både mogelegheita for konfliktløysing, og løysinga si strukturelle umogelegheit. Potensialet for fullstendig samanbrot er ikkje berre tilfeldig. Det er naudsynt til stades. Den generelle omgrepsmessige strukturen til konflikt kallar vi *agon*.

Med *agon* som paraplyomgrep, kan ein samle fellestrådane mellom konflikt generelt og språk partikulært. Språkleg kommunikasjon deler alle dei vesentlege karakteristika som konstituerer konflikt. *Agon* er den generelle eller strukturerande forma til både konflikt og språk. Det viktigaste fellestrekket er det vi var innoom sist: både språkleg kommunikasjon og konflikt generelt ber i seg frøet til katastrofen. Språkleg kommunikasjon er ikkje kommunikasjon med mindre han gjev plass til mogelegheita for kommunikativ svikt. Kvart einaste augneblink med språkleg kommunikasjon konstituerer ein forhandlingsprosess, der den eine kommuniserande parten freistar å finne koden som vil garantere at hans budskap får gjennomslag.

Politikk i brei forstand er ein diskurs som òg er underordna *agon*, men som òg strukturerer konflikt. Politikk er forhandling på eit eksplisitt diskursivt plan. Det er ein programmatisk freistnad på å finne diskursive bruer frå eitt sett av interesser til eit anna. Det er i den forstand eit omsetjingsreiskap, eit system av korrespondansar som skapar omgrepsmessig kommunikasjon mellom ulike interesser og perspektiv. Språk er òg ei politisk problemstilling. Reint språkleg kan ein sjå på politiske og ideologiske dimensjonar som følgjer av dei grunnleggjande opposisjonelle straumdraga som ligg nedfelte i kvar kommunikasjonsakt. Spenningar mellom omgrep og uttrykk, mellom signifikant og signifikat, mellom teiknets reint overførande funksjon og ideologiske funksjon er alle sentrale aspekt i den idémessige bakgrunnen til språkleg funksjon og utvikling.

Då dei europeiske målstridane vart politiserte på eit offentleg plan, skjedde det i samband med kamp for legitimitet, og dette var ein legitimitet som var nedfelt i ei rekkje prinsipp overleverte frå europeisk idéhistorie. Defineringa av mennesket som eit individ med sjølvstendige rettar på det offentlege og politiske området var avgjerande for framveksten av eit moderne syn på språk, nasjon, framsteg, utvikling og historie. Det følgjande er ein freistnad på ein idéhistorisk rekonstruksjon av språk som politisk storleik med spesielt omsyn til motstandsmomentet i konstallasjonen som samlar språk, individ og kollektivitet. Den historiske rekonstruksjon tek til tidlig i renessansen med Dante, held fram med Luther på 1500-talet, for så å sakne farten gjennom opplysningsperioden, deretter forbi idégrunnlaget til dei europeiske, og spesielt nordiske nasjonsbyggingstiltaka på 1800-talet, med sine spesifikke utslag i samansettinga av omgrepa "Norden" og "det norske". Den idéhistoriske reisa vert avslutta med nokre kulturpolitiske konklusjonar om nåtida.²

Språk og individ i renessansen

Renessansen er tidsalderen for blomstringa av "individ" som *kosmisk* omgrep. Moderniteten er tidsalderen for blomstring av individ som *politisk* omgrep. Begge har klåre maktmoment og klåre implisitte motstandsmoment. Makt- og motmotstandskonstallasjonen organiserer seg alltid ut i frå spørsmålet om språkets legitimitet. Å forstå denne konstallasjonen fører ikkje berre til ei forståing av den rådande maktstrukturen og det rådande språkomgrepet. Det fører òg til ei forståing av språk som maktpolitisk moment. Dette momentet skal eg prøve å få fram i det følgjande.

Dantes *De vulgari eloquentia*

Det rådande idéhistoriske paradigmet for å forklare språkets og spesielt folkemålets politiske legitimitet og framvekst er dei massive omvelt-

2. Cf. Pierre Bourdieu, *Les règles de l'art* (Paris: Editions du Seuil, 1992) 303–308.

ingane som prega europeisk skriftkultur i tida 1300–1500. Humanismens framvekst ved utgangen av mellomalderen flytta i stor grad det åndelege tyngdepunktet i Europa. Rørsla gjekk frå den katolske kyrkja sitt institusjonaliserte hegemoni og over mot individet. Dermed opna ho vegen for individets intellektuelle og moralske autonomi. Renessansen er i den forstand opphavet til den moderne skriftkulturen.

Under renessansen oppstod spørsmålet om folkemål (*vulgatus*) som eit spørsmål om nasjon, og det galdt i alle delar av Europa. Engelsk, fransk, baskisk, tysk, hollandsk – og ikkje minst – italiensk oppstod som følgje av politisk-kulturelle krav om intellektuell sjølvråderett. Det obligatoriske utgangspunktet for ein historisk rekonstruksjon av den europeiske språklege utviklinga er Dantes avhandling *De vulgari eloquentia* (1304).³ Grunnlaget for dette utgangspunktet er todelt, for Dantes bidrag er dobbelt. På den eine sida argumenterer han overtydande til støtte for folkemålet si overlegenheit eller hegemoni i avhandlinga si. Dantes *De vulgari eloquentia* fastslår folkemålets politiske, kulturelle og moralske legitimitet overfor latin. Det er Dantes metafysisk-antropologiske utgangspunkt som har dei mest skjebnetunge verknadene. Dante forstår mennesket som eit vesen med ein språkleg essens, som homo linguisticus. På den andre sida diktar han samstundes heile den meisterlege og historisk eineståande *Divina comedia* på folkemål.

Dantes språksyn får ringverknader i intellektuelle krinsar gjennom sluttperioden til mellomalderen og i oppløpet mot dei moderne statsdanningane i heile Vest-Europa, spesielt i Tyskland, Nederland, Frankrike og sjølv sagt Italia. Humanismen som ideologi kan ikkje skiljast frå språkideologi, frå prinsipp om stilistisk individualitet på den eine sida til humaniora basert på språkvitskapens modell på den andre.⁴ Denne vitskaplege tradisjonen strekkjer seg svært langt. Frå Leibniz' syn på transcendental filologi til Lockes syn på felles rasjonalitet i språk, Vicos forståingsteori og von Humboldts teori om språkleg mangfald. På 1800-talet blir både Herder i sitt romantiske språksyn og von

3. Sjølv om teksten ser ut til å vere opphavet til samankoblinga mellom humanismen, individualismen og språk, var han eigentleg tenkt som ei syntese av to andre retningar, den aristoteliske og den kristelege. Dante Alighieri, *L'eloquenza in volgare* (Rome: Rizzoli, 1998); Giorgio Inglese, "Nota introduttiva," in *L'eloquenza in volgare*, ed. Giorgio Inglese (Milan: Rizzoli, 1998) 5.
4. Karl-Otto Apel, *Die Idee der Sprache in der Tradition des Humanismus von Dante bis Vico*, 3 ed. (Bonn: Bouvier Verlag, 1980) 280-85

Humboldt med sin syntese av romantisk og rasjonalistisk språksyn påverka av Dantes teori om språkleg legitimitet i samband med problem om tilhøve mellom folkemål og statens legitime mål og skriftkultur generelt.⁵ Dantes utvikling og bruk av skilnaden mellom *lingua vulgaris* og grammatikken forstått som *lingua arificalis*⁶ saman med hans val av folkemål i diktinga har konsekvensar for heile den europeiske språkutviklinga, heilt fram til den norske nasjonalreisinga på 1800-talet.⁷

Luther

Luthers religionspolitiske arbeid utgjer ei revolusjonerande endring i oppfatninga av konstellasjonen språk-*ethnos*-individ. Denne revolusjonen fungerer på to nivå. På det *antropologiske* planet fører hans bibel-tolking og omsetjingsarbeid til ei endring i autoritetstilhøva mellom mennesket og kyrkja. Føresetnaden for dette arbeidet er ei oppfatning av mennesket som *faktisk* (ontologisk) sjølvstendig. Dei bibelske skriftene talar direkte og med autoritet til det einskilde mennesket. Dei føreset at mennesket er sjølvstendig og avviser det menneskesynet som plasserer individet i eit ufritt tilhøve til ein essensgjevande Gud.

Når det gjeld den allmenne forståinga av religiøse tekstar innfører Luther ideen om eit samspel mellom individets oppleving av teksten (partikularitet) og den allmenne sanninga som forståingsgrunnlag (universaliteten) som grunnlag for all tekstforståing. Ideen om tekstens universalitet følgjer av Luthers monoteologiske innstilling. Sanninga er i og for seg einskapleg. Kva innhaldet til sanninga er, vert organisert av dei erkjenningsmessige (epistemologiske) eigenskapane som strukturerer forståing. Samstundes avheng forståing av han/ho som freistar å forstå.

På same måte som tanke- eller språkinnhaldet må vere heilskapleg for å verte forstått (det universelle), føreset forståing individualiteten til han/ho som forstår (det partikulære). Einkvar tekst må til slutt forståast av eit individ. Allmenn sanning, til og med Guds ord, er ikkje gyldig utan gjennom det einskilde individet. Dette med-

5. Johann G. Herder, *Über den Ursprung der Sprache*; Wilhelm von Humboldt, *Über das vergleichende Sprachstudium*, §13.
6. Alighieri, *L'eloquenza in volgare* 42.
7. Apel, *Die Idee der Sprache in der Tradition des Humanismus von Dante bis Vico* 105-07.

fører ikkje berre eit nytt prinsipp om språk, men òg om individ og om erkjenning.

Men Luthers språksyn fører òg med seg ein antropologisk dimensjon. For i det heile å vere individuell, må individet motsetje seg andre individ. Med andre ord, individet opplever teksten som allmenn ut ifrå si eiga røynsle, som motsetning til opplevingar andre har. Teksten er forståeleg berre dersom eg forstår han som min eigen, og eg forstår meg sjølv, det særeigne ved meg sjølv ved å motsetje meg andre.

I denne samanhengen kan ein snakke om språk som motstandsmoment. Det er berre ved å motsetje seg andre at vi kan gjere oss forståeleg. Det er berre ved å ta utgangspunkt i språk som ei uttrykksform for individualitet, og individualitet som primitiv form for alteritet, dvs. motsetnad til andre, at vi kan delta i kollektiven.

Historie, individ, språk

I tillegg til eit nytt menneskesyn, gjorde eit nytt lingvistisk syn seg gjeldande i renessansens verdsbilet: proto-historismen i språkvitskap. Latindominansen over europeiske folkemål henta legitimitet frå hegemonisk makt. Heile middelhavsområdet var i si tid dominert av eitt imperium, og det var eit imperium tufta på språkfelleskap. Denne typen politisk makt har ei enormt sterk marginaliseringsmakt. Latin vart eit universalspråk, til liks med romerske institusjonar, nettopp fordi Romas politiske makt var universell. Ein framstiller gjerne det universelle som tid- og romlaust: Latin har alltid – og overalt – vore.

Fordi det ikkje er mogeleg å abstrahere plass, tid og språk, vert den språklege universaliteten riven ut av tida og vert til eit a-historisk og a-geografisk fenomen. Dette har langtidsverknader, men vi må vere medvitne om at også motpolen, regionalismen – vektlegging av geografisk partikularitet – føreset universalitet. I dag kan ein sjå det kulturelle fellesskapet Noreg som eit kraftfullt mot-eksempel til tidlegare tiders universalisme.

Det moderne

I sein-renessansen freista både den italienske filosofen Vico og dei franske grammatikarane knytt til utdanningsinstitusjonen Port Royal å

utvikle tanken om eit universelt grunnlag for lingvistisk forståing. Førestellinga om språk som allmenn kode, tilgjengeleg for alle, og eit kognitivt grunnlag for menneskeleg eksistens, er det første elementet i ei forståing av språk som dynamisk integrasjon av mangfald i partikularitet. 1700-talets individualitetsoppfatning kviler på eit slikt grunnlag: Eit individ er eit individ, ikkje i og for seg, men fordi det er ein del av mangfaldet.

Termen “modernitet” kan referere til mange ting, men vi skal her bruke han i tydinga “politisk modernitet”. Med dette forstår vi idéutviklinga knytt saman med opplysningstida, i hovudsak i Frankrike, England og Tyskland. Prinsippa om individ, og individuell suverenitet vert her reinsa og dreidd i retning politisk individualitet, politisk subjektivitet, med tilhøyrande demokratisering av subjektiviteten.

Frå det vertikale til det horisontale

Overgangen frå renessanse til modernitet svarar dermed òg til overgangen frå ein *vertikal* kosmisk modell til ein horisontal kosmisk modell. Ved den *vertikale* modellen vert meaning ved ulike fenomen forstått som eit ledd i eit menings- og sjelshierarki som strekkjer seg frå Gud i himmelen til det meste primitive objektet i verda, der meninga til dei lågare objekta er avleidde frå dei høgare. Derved kan «meaning» forståast bokstaveleg som intensjonen til den himmelske Faren. Ved den *horisontale* modellen vert meninga gjort uavhengig av posisjonen i det kosmiske hierarkiet. Meaning har ingen kosmisk storleik i det heile teke.

På det språklege planet vert denne strukturen vidareført i ulike språkvitskaplege utgåver. Det operative elementet i renessansen sitt vertikale system er meaning eller *intensjon*. Alt i språkleg meningsberande uttrykk hentar si meaning frå ein meningskjede som før eller seinare fører attende til det kosmiske hovudet, det som er opphavet til all meaning i kosmoset. Derimot er det moderne kosmiske systemet horisontalt. *Meaning* – i tyding *intensjon* – er ikkje lenger ein sentral term. Tyding vert forstått som samspel i eit horisontalt tydingsnettverk. Det finst ikkje eit paradigmatisk eller hierarkisk opphav til all tyding. Tyding har ikkje lenger meaning i og for seg. Tyding vert forstått som relativ og instrumentell. Sjølve språket vert oppfatta som gjennomsluktig, utan noko form for idémessig rolle. Tyding er ein funksjon av subjektet. Språket er rein funksjon, rein

form eller struktur. Språk kan brukast til eitkvart, uttømmast sporlaust, og brukast om att utan rest. Dette språksynet finn sitt mest markerte og utvikla uttrykk i vitskaplege forståingssystem som formalismen og strukturalismen.

Naturlegheit som ideologi

Dette paradigmeskiftet fører til djupe endringar i språket sin maktpolitiske horisont. I moderniteten vert bruk av språk legitimert på ein heilt annan måte enn før. Først og fremst er den idémessige tilgangen til språket generalisert. Det er ikkje lenger ein meningsfull skilnad mellom dei som har og dei som ikkje har språk. Alle "har" språk. Alle har tilgang til tydingssystemet. Alle har epistemologisk mogelegheit til å uttrykkje seg.

Det teoretiske "drivstoffet" bak framsteg etter opplysningstidas ideal, spesielt dei demokratiske, stammar frå franske opplysningsfilosofar som Voltaire, Didérot, d'Alembert, Montesquieu o.a. Opplysningstidas prinsipp såg ut til å vere uimotståelege. Som følgje av napoleonstida (1792–1814) måtte dei fleste europeiske landa, på svært ulike måtar, gå i intellektuell "nærkamp" med opplysningstida, men òg med prinsippa bak den franske revolusjon og den politiske røyndomen som oppstod i revolusjonens spor. Denne politisk-filosofiske oppfatninga tilskriv mennesket ei rekkje utkrenkjelege rettar. Desse må forståast som naturlege. Etter den franske revolusjonen kan ein ikkje lenger sjå på mennesket som eit tilfeldig fenomen, eit vesen som kan leve utan sanning og utan essens – med mindre det er gjeve av Gud eller Kongen. Mennesket eig ein naturleg, verdifull kjerne. Følgjane av dette menneskesynet, når det gjeld språk, er at eit individ som råder over sin eigen natur også vil kunne råde over si eiga uttrykksform. Den beste språklege forma er nettopp den som individet samstundes har eit medfødd krav på: den som er mest naturleg.

På denne måten vert naturlegheit til ein ideologi og eit stridsobjekt. Modernitetens språkpolitiske oppfatning føreset ein slik ein tydig, opphavleg menneskeleg natur. Individets naturlege sjølvstende og rettar vert likestilt med språkets naturlege essens. Ein oppfattar språk som eit naturleg fenomen med utgangspunkt i ein felles naturtilstand. Godkjenner ein først menneskets indre natur, så føreset ein eit naturleg språk. Filosofar i Frankrike, Storbritannia og

Tyskland arbeidde med dette som utgangspunkt. I samband med djupare objektiv forståing av naturen og framsteg i naturvitskapane, vart individets prinsipielle sjølvråderett empirisk stadfesta. Språkforskarar tok til å etablere folkemåla sin legitime partikularitet, særleg i høve til det latinske språkets universalitet. Individet var forstått konseptuelt i samband med idékompleks, men òg i høve til eigen prinsipiell individualitet og språkets partikularitet og naturlegheit.

Framsteg

Omgrepet modernitet dreg med seg ei rekkje ideologiske koplingar. Den mest konsekvenstunge av desse er ideen om framsteg. Ideen er viktig, dels på grunn av dei enorme forandringane som teknologisk utvikling driv fram, dels på grunn av tru på menneskets uunngåelege rasjonalisering. Offentleg liv fungerer på bakgrunn av ein lovnad om menneskelege framsteg. Tidsflyten i seg sjølv vert ein garantist for positiv utvikling. Tidsforståinga inneber at betre tider vil kome.

Denne ideen pregar den norske språkdebatten i nasjonsbyggingsperioden midt på 1800-talet, og ikkje minst Ivar Aasens syn på språkleg utvikling, historie, danning, folkeopplysning og kultur. Uansett standpunkt, er det om å gjere å sjå nasjonalspråk eller målreising som den *naturlege* vidareføringa av eit folks kulturelle utvikling. I samsvar med synet på nasjon som ei etnisk grunngeve form for kollektiv sjølvforståing og historie som den lineære utviklinga av ei djupare opphavleg meaning, vert språk oppfatta som utslag av ein naturleg prosess, ein prosess som har opphav djupt i folkets historiske vev. At det norske folket skulle få eit norsk språk vert sett på som sjølvsgt. Det var oppfatta som naturleg framsteg i historisk utfolding.

Omgrepet nasjon

Språk er kanskje det meist sentrale forankringspunktet for nasjonalstatens sjølvlegitimering. Nasjonsomgrepet kviler på ein dobbellogikk som er meir eller mindre operativ i utviklinga til dei alle fleste europeiske land, og ikkje minst Noreg. På den eine sida er "nasjonen" det naturlege grunnlaget for menneskets *kulturelle* og *politiske* fellesskap, eit etnisk samlingspunkt. På den andre sida, svarar nasjonen – i tydinga

“nasjonalitet” – til eit klårt sett *juridiske* prinsipp, eit krav om sjølvstyre, og dermed krav om språklege uttrykk på eigne premisser. Ifølgje dette synet vert nasjonalismen oppfatta som det prinsipielle grunnlaget for den moderne staten, men òg dei politiske institusjonane som støttar han. Nasjon og nasjonalstat vert forstått som ei naturleg eining. Nasjonalismen vert oppfatta som eit politisk fenomen med opphav i politisk modernitet. Nyare forskning på nasjonalisme og etnisitet, spesielt i den sosiologiske litteraturen, har fokusert på “nasjonalismen” som eit *kulturelt* avleidd fenomen, anten ved å knytte det til eit *behov* for nasjonal samling i *nasjonens* namn, eller som resultat av dette.

Det nordiske

Norden på 1800-talet lar seg organisere og forstå langs fire aksar. Utanrikspolitikk, nasjonalisme, skandinavisme og språkleg medvit.

Utanrikspolitisk

På 1800-talet er tilhøva i Norden meir dynamiske enn nokon gong før. Napoleonskrigane i byrjinga av hundreåret sørgjer for generelt diplomatisk kaos gjennom omorganisering av internasjonale relasjonar over heile kontinentet. Dette får maktpolitisk verknad for alle europeiske land. Diplomati vert dei internasjonale spelereglane snudd på hovudet. Også på det heimlege planet vert dei fleste landa påverka av nytenking og nye statspolitiske organisasjonsformer. Napoleonskrigane førte til at Sverige måtte trekkje seg ut av Pommern i 1807, og året etter skjedde det same i Finland, som vart eit storhertugdømme under den russiske tsaren. Deretter fekk Napoleons nederlag og Carl Johans åtak på Holstein som konsekvens at Noreg vart skilt frå den danske heilstaten ved Kieltraktaten i januar 1814. I staden vart det skapt ein ny og lausare union mellom Sverige og Noreg.⁸ Vidare vart statssystemet i Norden rysta av konflikten om kven hertugdømmet Schleswig-Holstein skulle tilhøyra frå 1840-åra.⁹

8. Ingmar Brohed et al., *Kyrka och nationalism i Norden : nationalism och skandinavism i de nordiska folkkyrkorna under 1800-talet*, Bibliotheca historico-ecclesiastica Lundensis ; 39 (Lund: Lund University Press, 1998) 129.

Danmarks politiske nederlag i 1864 førte til at Schleswig-Holstein vart skilde frå Danmark og lagde inn under Tyskland.

Nasjonalismen

1800-talet er blomstringsperioden for nasjonalidentiteten og for skandinavismørørsla. Nasjonalromantikken er nøkkelordet for nasjonal sjølvforståing, i positiv og negativ forstand. I Sverige, Danmark, Noreg, Færøyane og Island bygger nasjonalrørslene seg opp som eit resultat av den romantiske vendinga ved byrjinga av det 18. hundreåret og dei liberalistiske straumdraga i 1830-åra. Det nasjonale og det demokratiske (folkelege) fellesskapet fekk ein samanbindande innverknad på folkegrupper i store delar av det området som var underlagt den danske og den svenske heilstaten, gjennom førestellingar om nasjonal tilknytning.¹⁰ I romantikken vart den nasjonale identiteten forstått som skapt gjennom nasjonens heroiske historie, han er forma av naturvilkår og han kjem til uttrykk i folkekulturen og folkespråket.¹¹

Skandinavismen

Det er i denne perioden omgrepet *Norden* vert til. Denne tendensen eller rørsla står i stor grad i motsetning til det nasjonale. I alle fall utgjer dei to rørslene eit spenningsfelt som er det *locus* for den språklege dynamikken som vi tek for oss vår her. Skandinavismen var ein politisk freistnad på ei alternativ statsdanning i Norden, som skulle omfatte dei tre rika Danmark, Sverige og Noreg, men også ei skandinavisk *nasjonal* samling, med førestelling om eit felles kulturelt grunnlag. Kortfatta er skandinavismen trua på og freistnaden på å opprette og samordne ein felles nordisk identitet. Som kjent var ikkje rørsla spesielt vellukka. Etter politiske vanskar i det utanrikspolitiske kaoset vart rørsla omgjort til ei litterær rørsla, så til slutt ei språkleg rørsla.¹²

9. Einar Haugen, “Dialect, Language, Nation”, in *Studies by Einar Haugen*, ed. E.s. Firchow, et al. (The Hauge/Paris: Mouton, 1972).

10. Odd Monsson, “Nasjonalisme og skandinavisme i utviklinga av dei nordiske språka på 1800-talet”, (Volda: 2000).

11. Jørgen Hatting, *Skandinavismen* (Graasten: 1944).

Språk

I tett samanheng med dei førre tre dimensjonane ved skandinavismen blei det språklege medvitet i Norden meir rotfesta. Ved inngangen til det 18. hundreåret var det i Norden tre veletablerte skriftspråk. Dei to sentrale heilstatane Danmark og Sverige hadde gjennom ein periode på 200 år etablert og kodifisert sine skriftspråk. Dessutan hadde Island ein ubrotten skrifttradisjon frå mellomalderen. Ved midten av det 18. hundreåret kom det til to nye skriftspråk i Norden: landsmål i Noreg og færøysk på Færøyane.

Det norske

I siste halvdel av 1800-talet vart dei strukturelle rammene lagt til rette for eit politisk, økonomisk og kulturelt fellesskap i Noreg. Den norske politiske moderniteten tek formelt til i Eidsvoll i 1814. Den kulturelle moderniteten er mykje eldre. Og det er spenninga mellom desse to tidsrekningane som gjev opphav til dagens kulturelle Noreg.

Eidsvoll og den politiske modernitetens interne strid

Eidsvoll-grunnlova er, som grunnlover i andre moderne statar, basert på ein merkeleg dobbellogikk. Ho føreset ei rekkje ukrenkjelege rettar og prinsipp og formulerer dei nettopp som ukrenkjelege. Ho er både *normativ* og *deskriptiv*. Med andre ord, ho legg fram rettane og pliktene som ho hevdar allereie eksisterer og er til fordel for alle, og argumenterer samstundes for at desse rettane og pliktene *bør* vere tilstades. Med andre ord, Grunnlova hevdar både *universaliteten* til desse rettane som ho uttrykkjer og stadfester samstundes deira *ikkje-universalitet* ved å manifestere kor viktig det er å forkynne denne universaliteten.

På denne måten vert *grunnlaget* for den moderne norske nasjonalstaten synleg. Den moderne staten kan forståast både som ei stadfesting av dei naturgitte eigenskapane til folket han er til for og

samstundes ei problematisering av kor sjølvsgde desse rettane og eigenskapane er. Med andre ord, dersom det norske folket hadde vore identisk med sine interesser, ambisjonar og historia, hadde det ikkje vore behov for ein stat som skulle garantere og verne desse interessene, ambisjonane og historia. Den moderne staten er eit paradoks: Han er både garantien for kulturen det dreier seg om og ei stadfesting av at kulturen *ikkje er sjølvsgt*. Dersom den norske kulturen ikkje hadde vore eit spørsmålsteikn, hadde det ikkje vore ein stat. Dersom staten ikkje hadde problematisert kulturen, hadde han ikkje vore ein republikansk stat.¹³

Den norske historiske skulen

To teoretiske retningar innan vitskapleg forskning var avgjerande for utviklinga av den norske sjølvforståinga under nasjonsbyggingsperioden. Den første var ein teori om nordisk immigrasjon. Han gjekk ut på at den norske stammen var den første som kom til Noreg og dermed "hørde mest til" i Norden. Den andre teorien gjekk ut på å hevde kor overlegen den norske kulturen var i sagatida ut ifrå studier av språklege og litterære trekk ved den nordiske kulturen. Den mest radikale utgåva av denne teorien gjer krav på ein stor del av den nordiske kulturarven. Desse teoriane er assosiert med den "norske historiske skulen" og dei to hovudpersonane ved denne vitskaplege retninga, Keyser og Munch. Både desse to, og, på ein heilt annan måte, Knudsen, Aasen og andre, gjekk ut ifrå at det var ein norsk essens, som det var nødvendig å byggje den norske kulturelle identiteten på.

I 1814 var skriftmålet i Noreg dansk. Men debatten hadde gått lenge om korleis det norske språket skulle sjå ut. Den mest systematiske og resultatrike fasen i denne debatten tok til i 1830 med eit ordskifte mellom Wergeland, Hielt, Munch og Welhaven. Ved debattens neste fase, i perioden 1848–1865, greip debattantane meir presist ideen om ortofon rettskriving, med Daa og Hansen i spissen. Dette prinsippet motset seg dei andre hovudsynspunkta: oppnorsking av skriftmålet, som ville føre til at skriftmåla i Danmark og Noreg skilde lag, og endringar i statusen til den danna dagleg-

12. Bo Stråth, *Folkhemmet mot Europa : ett historiskt perspektiv på 90-talet* ([Stockholm]: Tiden, 1993).

13. J. Peter Burgess, *Ivar Aasen's Logic of Nation. Toward a Philosophy of Culture*. (Volda: Volda College, 1999) 10-13.

talen.¹⁴ Det sistenemnde synspunktet vart forfekta av Knudsen og seinare av Aasen.

Det vart slik to sentrale teoriar om korleis det norske språket skulle arte seg. På den eine sida gjekk Knudsen og tilhengarane hans ut ifrå at det danske språket, som i si norske utgåve allereie var rådande i Noreg, skulle "fornorskast" for å verte både sjølvstendig og klårt i høve til det danske språket. På den andre sida meinte Keyser, Munch og Aasen at det norske språket burde byggjast opp frå "det norske", dvs. frå ei substans som ikkje var felles dansk, men som kunne få fram og verne det særneigne ved det norske.¹⁵

"Om dannelselse og norskhed"

Spørsmålet om kultur er eit spørsmål om *eigedom* i vid forstand, om kven som eig, kven som ikkje eig, kven som gjev og kven som tek. *Kultur* som eigedom bestemmer kva som er *eige*, det vil seie, bestemmer kva som tileigner, kva som ikkje er tileigna kulturell organisering. Den politiske debatten på 1850- og 1860-talet dreier seg i stor grad om desse ideane, meiningane deira og kor gyldige dei er i Noreg. For det vesentlege argumentet for å verne den dano-norske kulturen som "norsk" etter Noregs sjølvstende – i staden for å følgje Aasen og andre sitt program for realisering av eit norsk språk basert på ein eller fleire av landets dialektar – var at det dano-norske var kulturens berar, at utan det hadde Noreg ikkje hatt nokon kultur i det heile teke. Det er nettopp dette argumentet Aasen tek sikte på å motsetje seg i "Om Dannelselse og Norskhed" (1857).

De er to Ting, som man meget ofte hører tale om, men som man sjelden faaer nogon tydelig Forklaring over, nemlig "Kulturen" og "Nationaliteten". Disse Navne ere Vistnok saa fremmede for os, at vi snarest maatte slutte, at det var et slags udenlandske Varer, som maatte være altfor dyre for simple folke, og som vi derfor ikke burde tænke noget videre paa; i

14. Oddmund Løkensgard Hoel, *Nasjonalisme i norsk målstrid 1848-1865*, ed. Ruth Hemstad, vol. 51, *KULT* (Oslo: Norges forskingsråd, 1996) 61.

15. Munch svarar med framlegg om å byggje opp eit norsk språk frå ein dominerande dialekt. Per Andreas Munch, "Norsk Sprogreformation", i *Fra Norsk språkhistorie*, ed. Eskil Hanssen (Oslo/Bergen/Tromsø: Universitetsforlaget, 1979).

alle Fald seer det ud, som om det var slige ting, som ikke komme os noget ved. Men ved nærmere Forklaring viser det sig dog, at det er noget, som virkelig kommer os ved, ja at det endog er vigtige Ting ei alene for lærde Folk og rige Folk, men for os allesammen.¹⁶

Kultur er dermed eit omgrep om skilnad, om differensiering, om distinksjon. Ved første augnesyn er kultur klårt eigedom, noko ein har eller ikkje har. Og som eigedom er han med på å avgjere om ein gitt kollektivitet utgjer eit folk i det heile teke. Men det er likevel ikkje rett å skjematisere ved å påstå at somme "folk" er "kulturelle" (eller "danna") medan andre ikkje er det. Aasen innfører ein nyanse i logikken når han insisterer på at kultur ikkje berre er éin eigedom mellom andre. Snarare påstår han at kultur er ein *vesentleg* eigedom, han er *eigedomen*, den *fundamentale* eigedomen. Det er det som gjer at eit folk er eit folk. Sjølvve essensen til eit folk, det som gjer folket til eit folk, er bestemt av kulturen. Alle folk har allereie ein kultur. Grupperingar som ikkje er folk, har ikkje kultur.

Men akkurat idet Aasen førebur motargumentet sitt – nemleg at det norske folket har ein kultur og derfor er eit folk på linje med andre – er han er tvungen til å setje til sides spørsmålet om framande forhold mellom dei to latinske termane "cultura" og "natus" ("nation"). Aasen tviler på kor gyldig det mest vanlege argumentet mot eit norsk språk er. Han insisterer på at det norske folket faktisk har ein kultur, at det er uakseptabelt å setje spørsmålsteikn ved dette, og at det nye landsmålet derfor har dei same prinsipielle premissane og derfor rettane som andre språk.

Med andre ord, Aasen held fast ved både (1) eksterioriteten ved kulturen (det framande) og (2) kulturens fullstendige interioritet (det indre, det heimlege). Det norske folket kvilar, som alle folk, på ei dobbel rørsle av det interne og det eksterne. Det indre ved eit folk er sjølvve identiteten til folket. Tilhøvet til det andre, til det framande, til den framande kulturen, til utlendingen, gjer det mogeleg å sjå seg sjølv utanfrå, å forstå seg sjølv og å kjenne seg sjølv.

Paradokset ved det norske folket – som ved alle folk – er at det uunngeleg er samansett – ureint. Dersom vi går ut ifrå den merke-

16. Ivar Aasen, "Om Dannelselse og Norskhed", i *Skrifter i Samling* (Oslo: Gyldendal, 1911–12), 66–67.

lege logikken til denne kulturteorien, så vil det vere sant at det norske folkets kulturelle eksistens er i fare. Det er derfor det er ein kultur.¹⁷

Konsekvensar og prognosar

Differensiering: kultur som *agon*

Kultur utvidar seg, utviklar seg og blomstrar gjennom differensiering. Det gjeld både *indre* og *ytre* differensiering. Ei gruppe sin eigenart vert svekka, til og med truga, når ho sluttar å dyrke indre og ytre skilnad. Dette er ikkje berre *tilfeldigvis* ein fordel, ikkje berre noko som kunne føre til ei *relativ* styrking av kultur. Det er *sjølv* *kulturen*. Kultur er kor- kje Mozart eller Matisse på den eine sida, sunnmørsbunad eller harding- fele på den andre. Begge delar er like essensielle, begge like kulturfiendtlege fordi begge går ut på å dempe andre hybridformer internt og påverknad utanfrå.

Ei klår forståing av kor viktig det er å opne for møte mellom ulike nasjonale og *infra*-nasjonale kulturar ligg til grunn i *sjølv* *Pro- grammet for kulturstudiar*. Som det går fram av det opphavlege *Kultur- notat for Programmet for kulturstudiar*:

Kulturell samhandling kan somme gonger opplevast kon- fliktfylt og vanskeleg, andre gonger som gjevande og stimule- rande, og ikkje sjeldan bae delar samstundes. Slike brytingar er det av stor interesse å studere innanfor ramma av dette for- skingsprogrammet.¹⁸

Dette pluralistiske kultursynet er det vanskeleg å vere usamd i. *Empirisk* finst det rikeleg belegg for påstanden. *Normativt* reflekterer han eit behov som det norske, til liks med alle europeiske samfunn, er nøydd til å ta omsyn til. Den generelle globaliseringsprosessen fører til at dei tra- disjonelle kulturelle kategoriane og grensene ikkje lenger held.

17. Burgess, Ivar Aasen's *Logic of Nation* 43-44.

18. <http://www.uib.no/kul/>.

Men eg vil presse dette resonnementet litt lenger, mot ei hald- ning forfattaren kanskje ikkje hadde vilja godteke. "Kulturell sam- handling" er ikkje berre "gjevande og stimulerande", ho er uunngåeleg. Det finst ikkje ei anna form for kultur i vidaste forstand enn den *agonistiske* – dvs. den konfliktuelle.

Døme 1: Striden om valfritt sidemål i Oslo

Striden om valfritt sidemål i Oslo, for å ta eit brennande tema – i Volda i all fall – er klårt interessant, men ikkje interessant fordi han tek opp spørsmålet om kva som er den beste, eller rettaste, eller mest føremåls- tenlege, målforma. Han er heller ikkje spesielt interessant som ei debatt om individualitet eller borgarleg fridom. Det norske konstituerer seg gjennom sine identitetskriser og som identitetskrise. Kulturen er strevet for å vere seg sjølv, finne sin identitet. Den norske kulturelle veven har element frå ulike målformer med kvart sitt semiotiske refe- ransenettverk. Boksmåls-Noreg, nynorsk-Noreg, samisk-Noreg, engelsk-Noreg, osv, alle konkurrerer om ein del av den nasjonale essen- sen. Alle meiner det finst ein essens. Alle vil sikre seg ein plass i sola. Det er nettopp bearbeidinga av desse ulike nettverka, konkretiseringa, og institusjonaliseringa (t.d. i skuleverket) som er *sjølv* *kulturen*. Det norske finst: det er striden om det norske.

Døme 2: Korleis ikkje vere europear

Dette kan kanskje synleggjerast på eit litt breiare plan. Den norske kulturen er *sjølv* *striden* om den norske kulturen, har eg påstått. Ein kunne likeeins påstå at den europeiske kulturen er *striden* om den euro- peiske kulturen. Striden om kva som høyrer til, og kva som ikkje høyrer til dei europeiske fellesskapa, spørsmålet om korvidt Den europeiske unionen er i stand til å institusjonalisere den europeiske kulturelle iden- titeten, når desse interessene er så forskjellige, regionale osv.

På det interne norske planet byggjer både noreg-essensialiserande nei-folk, på den eine sida, og sjølvforaktande ja-folk på den andre sida på det same sjølvforståande grunnlaget: at det europeiske er noko eksternt, noko anna, noko som er annleis, noko vi kan og må ta stilling til *objektivt*. Dette synspunktet ser bort frå at det europeiske i

det norske er *føresetnaden* for den norske debatten om det europeiske. Debatten er allereie europeisk, alltid allereie europeisk.

Eit tankeeksperiment lånt frå fenomenologien. For å analysere det norske på eit sakleg og objektiv vis er det om å gjere å isolere det norske i tilhøve til det europeiske. Vi set alt til sides som kan hindre den vitskaplege relasjonen vår til det europeiske. Kva er det ved det norske som ikkje er europeisk? Og kva er det ved det europeiske som ikkje er norsk? Vi feiar vekk alt ved det norske som er ikkje-norsk, eller unorsk, alt som kan øydeleggje vår *objektive* debatt om kor vidt "det norske" høyrer til det europeiske og kor vidt "det europeiske" allereie er norsk. Kva står att når ein reindyrkar det norske og debatten om det norske? Lite. For å reindyrke det norske må ein reindyrke det europeiske. Det norske og debatten om det norske er til slutt europeisk. Med andre ord, debatten om Noregs tilhøve til Europa er i og for seg djupt europeisk. Sjølve debatten står i ein klår idé-historisk og politisk tradisjon som omfattar idear om offentlegheit, suverenitet, kulturelt og politisk sjølvstende, individualitet, økonomi, språk osv.

Med andre ord, debatten kjem for seint. Eller omvendt, det er Noregs europeiske identitet som gjer debatten om Noregs identitet i Europa i det heile teke mogeleg.

Kulturbryting er politikk

At differensiering og "kulturbryting" har ynskjelege verknader har hitil vore gradvis, men effektivt dokumentert av *Programmet for kulturstudiar*. Programmet har ført til ei innhaldsrik kartlegging av konkret kunnskap om følgjer av kulturdifferensiering og kulturbryting, internt som eksternt.

Men kulturbryting og kulturdifferensiering er ikkje berre *faktiske* eller *empiriske* følgjer av den postmoderne notida vår. Dei er ikkje berre *empiriske*. Dei høyrer med til *kjernen i Vestens sjølvforståing*. Vi har att å rekonstruere kulturbryting og kulturdifferensiering som sentrale *idéhistoriske* dimensjonar ved Vestens generelle, filosofiske og teologiske oppbygging, som strukturerande problematikk frå Romas overfall til Jörg Haiders inntog i europeisk politikk.

Ei slik forståing av det gjenståande arbeidet til *Programmet for kulturstudiar* kan vere med på å syne kontinuiteten i tilhøvet mellom Noreg og Europa, og mellom Noreg og indre motpartar. Ho kan vere

med på å knyte saman politisk og kulturell idéhistorie og politikk i praksis, ved å forstå nasjonal, regional og lokal *historie* mot kulturbrytingas bakteppe.

Litteratur:

- Aasen, Ivar: "Om Dannelse Og Norskhet", i *Skrifter I Samling*, 66–198. Oslo: Gyldendal, 1911–12
- Alighieri, Dante: *L'eloquenza in Volgare*. Rome: Rizzoli, 1998.
- Apel, Karl-Otto: *Die Idee der Sprache in der Tradition des Humanismus von Dante bis Vico*. 3 ed. Bonn: Bouvier Verlag, 1980.
- Brohed, Ingmar, Thorkildsen, Dag, Furre, Berge, Norderval, Øvind og Bø, Gudleiv: *Kyrka och Nationalism i Norden: Nationalism och Skandinavism i de nordiska Folkekyrkorna under 1800-talet*, Bibliotheca Historico-Ecclesiastica Lundensis ; 39. Lund: Lund University Press, 1998.
- Burgess, J. Peter: *Ivar Aasen's Logic of Nation. Toward a Philosophy of Culture*. Volda: Volda College, 1999.
- Hatting, Jørgen.: *Skandinavismen*. Graasten, 1944.
- Haugen, Einar: "Dialect, Language, Nation," in *Studies by Einar Haugen*, edited by E.S. Firchow, K. Grimstad, N. Hasselmo and W.A. O'Neil. The Hauge/Paris: Mouton, 1972, 496-509.
- Hegel, Georg W.F: *Phänomenologie des Geistes*. 20 vols. Vol. 3. Frankfurt am Main: Suhrkamp, 1972.
- Herder, Johann G.: *Über den Ursprung Der Sprache*. Berlin: Deutsche Akademie der wissenschaften zu Berlin, 1959
- Hoel, Oddmund Løkensgard: *Nasjonalisme i norsk Målstrid 1848–1865*. Edited by Ruth Hemstad. Vol. 51, *Kult*. Oslo: Norges forskningsråd, 1996.
- Humboldt, Wilhelm von: *Über das vergleichende Sprachstudium, Über die Sprache: Ausgewählte Schriften*, edited by Jürgen Trabant, Berlin: DTV Klassik, 1985.
- Inglese, Giorgio: "Nota Introduttiva", i *L'eloquenza in Volgare*, edited by Giorgio Inglese, 5-30. Milan: Rizzoli, 1998.
- Monsson, Odd: "Nasjonalisme og Skandinavisme i utviklinga av dei nordiske språka på 1800-talet". Volda, 2000.
- Munch, Per Andreas: "Norsk Sprogreformation", i *Fra norsk språkhistorie*, red.: Eskil Hanssen. Oslo/Bergen/Tromsø: Universitetsforlaget, 1979.
- Stråth, Bo: *Folkbenmet mot Europa : ett historiskt Perspektiv på 90-talet*. [Stockholm]: Tiden, 1993.